

NBF Hordaland 75 år – jubileum på Terminus 22.10.2013

(Tone: Den glade vandrer... PS.: Refrenget kan bli ei utfordring!)

- 1 I tretti-åtte starta det eit lag i Hordaland
Og mange ville vere med då laget kom i stand

Ref.: Falleri, fallera, falleri, fallera-ha-ha-ha-ha-ha !
Falleri, fallera. Då laget kom i stand

- 2 Og årspengar var kroner 1,- og føremålet godt
For kunnskap og for bibl`otek: eit opplyst folk er flott

Ref.: Falleri, fallera, falleri, fallera-ha-ha-ha-ha-ha !
Falleri, fallera. Eit opplyst folk er flott

- 3 Foreininga er ikkje død: med turar og med kurs
Vi støttar bibl`otekmiljø – vi er nok ein ressurs

Ref.: Falleri, fallera, falleri, fallera-ha-ha-ha-ha-ha !
Falleri, fallera. Vi er vel ein ressurs

- 4 Når bokbudsjett skal skjerast ned, då vaknar vi til liv
Dei styrande får ikkje fred – vi ringjer og vi skriv

Ref.: Falleri, fallera, falleri, fallera-ha-ha-ha-ha-ha !
Falleri, fallera. Vi ringjer og vi skriv

- 5 No skal vi feire laget vårt – og fem-og-sytti år
For det vi var og det vi er – og dit vi sidan går!

Ref.: Falleri, fallera, falleri, fallera-ha-ha-ha-ha-ha !
Falleri, fallera. Og dit vi sidan går